



- Ich küsse ihre hand...

Ein kan bli nostalgisk av mindre enn ein visitt i Lises Brukthandel og noko som utløysar minnene er dei gamle tutgrammofonane og ei platesamling som ikkje minst inneheld religiøse songar men også slagere som var på topp for snart 100 år sidan. Men aller best hugsar ein platene som var merka His Masters Voice, det britiske platemerket der ein foxterriar lyttar til røysta til sin herre frå ein grammofon. Det er eit motiv ein aldri gløymer.

Hunden heitte forresten Nipper og motivet var eigentleg eit måleri som vart teke i bruk som varemerke av det britiske plateselskapet The Gramophone Company i 1910 og også av eit amerikansk plateselskap enda tidlegare.

I mellomkrigstida slo det første seg saman med saman med Columbia og dei vart til EMI. Då vart His Masters Voice eit av merkene til dette selskapene og frå 1967 eksklusivt for klassisk musikk.

His Masters Voice levde vidare også her i landet. I 1969 vart EMI Norsk etablert og His Masters Voice vart eit av merkene deira. Men i vårt minne lever det framfor alt vidare på dei gamle 78-platene.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Gamle grammofonar hos Lise. Foran ligg ei samling 78-plater og under grammofonane står ein unik tysk radio som er frå Hitlertida